

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: bj-skin.home.no/FISKE/Grunneigarlag.htm

Olje og energidep.
Energi og vassdragsavdeling v/Tollef Taksdal
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

MERKNAD TIL SALAR BRUK AS SITT UTSPILL 10.03.2008. I HØVE VÅR KLAGE AV 06.06.2007 07/00101-4

Vi kan ikkje sjå at Salar Bruk AS har gode argument mot vår klage. Her er mange feile påstander som vi vil kommentere.

Vi legg fram nye bilder og målinger samt arbeidsteikningar.

Salar Bruk AS sin påstand: *Resultatet av simulering av vassdraget under en 100 års flom viser at "...kanalprofilen i elveløpet skulle ha en lysåpning på 13,5 kvm, hvilket er gjennomført i praksis". Vi stiller oss tvilende til om dette er tilfelle under bruene. Arbeidstegningene fra 2003 viser at her er planlagt ein betydeleg mindre lysopning. (Profil M og N)*

Salar Bruk AS sin påstand:

"8) Leidninga skal sprengjast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg
9) Ved framføringa skal ein ta omsyn til eksisterande leidningar i området."

Vilkåret under pkt. 8) kan ikkje forståes slik at ledningen skal graves ned i elvebunnen og tildekkes slik at den overhodet ikkje er synlig gjennom klart vann. Et slikt krav, som ville ha medført uforholdsmessige inngrep i vassdraget og dessuten vanskeliggjort ettersyn og vedlikehold av ledningen, kan ikkje utledes av ordlyden i konsesjonsvedtaket. Dersom dette hadde vært meningen måtte det ha kommet klarere til uttrykk

Dette kan vi ikkje vere enige i. Dersom det var meninga at røret berre skulle senkes ned på elvebotnen var det meningslaust å ta med dette vilkåret. Vilkåret 8 kan ikkje tolkast på annan måte enn at det var for å unngå at eit så stort rør skulle verta synleg i elva.

Salar Smolt AS trekker inn begrepet: "overhodet ikkje er synlig gjennom klart vann" Det står at røret ikkje skal vere synleg. Det må forståast som under ingen forhold synleg. Når dette røret no er synleg så er det brudd på dette vilkåret og brudd på konsesjonen.

Salar Bruk AS skriv og at full tildekking har aldri vert meningen. Denne påsdanden blir motbevist først og fremst av arbeidsteikningar frå 2003, som viser eit rør som er gravd ned i elvebotnen og tildekket. Arbeidstegningar viser altså ein plan elvebotten utan rør oppå. Dette beskrives også i søknad om rammeløyve 04.04.03 Da skriv Garman og Co. Rådgivende ingeniører: "Rent teknisk vil ledningen bli lagt som sjøledning (bunnledning) bortsett fra et par grunne strekninger i vassdraget. Her vil ledningen bli lagt i grøft (evt. fjellgrøft)

At dette var eit kjent moment bevises også ved at det er tatt med i fleire brev. Professor Ernst Nordtveit, etter oppdrag fra Salar Smolt AS, skriv det i brev av 09.10.04. Salar Bruk AS sin advokat og den gang styreformann Agnar E. Sundbotten understreker det i brev til NVE 03.05.05 ved å skrive: "Det vises dessuten til en utrykkelig forutsetning om at den omsøkte inntaksledningen skal graves ned i elveløpet slik at den ikke blir synlig." Det er også teke med i Meland kommune sin Forvaltningsplan for Rylandsvassdraget som som kom ut i Mars 2008. På bakgrunn av dette var ikkje noko anna enn at røret skulle tildekkes i våre tanker. (brev som det vises til ligger som vedlegg til klagen)

Salar Bruk AS sin påstand:

"Inntaksledningen ligger for det meste på flere meters dyp, og er knapt synlig fra land. De eneste steder der ledningen er så vidt synlig ligger under den gamle Rylandsbrua ca midtveis mellom anlegget og Rylandsvatnet, samt ved innløpet til Rylandsvatnet. På begge steder ligger ledningen ca. 1 meter under vannspeilet i ca. 40 meters lengde."

Vi lurar på kva dokumentasjon Salar Bruk AS har for sine påstander. Vi har målt at røret på strekningen under bruene ligg ca 80 cm under vannspeilet. Sjå vedlegg. Gangvegen er lagt over den gamle Rylandsbrua. Det er her folk ferdes til fots. Folk stopper gjerne og kikker ned i elva. Nokon står og fisker fra brua.

Ved innløpet til Rylandsvatnet, som er overgangen fra elv til vatn, ligg eit naust med Rossland skule sine kanoer. Rossland skule ligg like ved. Det er på denne staden kanoturane til skuleelevar og andre starter. Bygdas idretsplass ligg også rett ovanfor og det hender at born og ungdom tar ein dukkert i elva etter trening. Vi har hørt om tilfeller der born har vorte skada på røret. Vi har målt at røret her ligg ca 60 cm under vannspeilet. (målinger fra båt 07.06.07 og med dykker 31.03.08) Dette bevises også med bilde av person som står oppå røret. Påstanden ”*knapt synleg frå land*” eller ”*så vidt synlig*” er ikkje riktig. På desse stadene er røret godt synleg fra land.

Salar Bruk AS sin påstand:

”Dersom man står på brua og ser ned i vatnet vil ledningen kunne skimtes på en klar dag. Forbipasserende langs veien vil heller ikke se ledningen på dette punkt” og det vises til orange festebånd som ”til å begynne med var synlige under vann”. Det påstås vidare: ”Naturlig groe har imidlertid gradvis skjult fargen gjennom de måneder som er gått, og man må nå se nøye etter for i det hele tatt å få øye på ledningen noe sted”

Dette går på viljen til den som ser. Er det mørkt så ser ein det ikkje, men på ein gråværsdag med nedbør og uvær kan ein fortsatt skimte ledningen og på ein klar dag ser ein ledningen også når ein ferdes langs vegen. Det er viktig å huske på at dette røret skal ikkje vere synlig. Nye bileter som er tatt på ein overskya dag, beviser at røret er godt synlig, også fra vegen. Båndene er også i dag, 20 mnd etter nedsynking, synlige under vann.

Salar Bruk AS sin påstand:

”Rylandsbrua er en gammel steinbro som har verdi som kulturminne. Hensynet til de gamle bropillarene førte til at entreprenøren gikk frem med større forsiktighet enn i resten av elveløpet.”

Det faktum at røret ligg høgare lenger oppe i elva, der det ikkje var fare for utrasing, feller denne påstanden. Det er forståelig at entreprenørene ville gå forsiktig fram under bruene. Vi merka oss at det vart bora ned jernarmering og støpt støttemurer på begge dei gamle brupilarene for å hindra utrasing. (sjå vedlagte bilete)

Salar Bruk AS sin påstand:

”Et annet hensyn som underbygger Salar Bruk sin forståelse av NVE sitt vedtak er diverse kommunale ledninger som krysser elva. Det dreier seg om kloakk og vann som er lagt i 160 millimeter rør på tvers undervannledningen. Det er vidare lagt en strømkabel over elva som det måtte tas hensyn til. Vi nevner også et 90 millimeter rør og et 45 millimeter rør som følger elveløpet på langs.”

Dette held ikkje som argument for å ikkje kunne grave/sprengje røret lenger ned. Det seier seg sjølv at desse røra ikkje kunne ligga i elveløpet under arbeidet. Alle ledninger som krysset eller låg på langs i elva vart selvfølgelig flytta før arbeidet tok til. Dette går fram av vedlagt bilete der røra er hengt opp under nybrua.

Salar Bruk AS viser til fotos som vi har lagt ved saka. Det er riktig at nokon av desse ikkje stemmer med dagens situasjon. Det har blitt utført arbeide for å senke røret i 10 meters strekning, men røret er allikevel synleg. Dette viser vedlagte bileter som vart tatt 29.03.08. Målinger viser desutan at røret ligg mindre enn 1 meter under vannspeilet på fleire stader og at det ligg oppå elvebotnen.

Salar Bruk AS sin påstand:

”Dersom tildekking hadde blitt gjennomført ville resultatet ha blitt at man ganske snart var tilbake til utgangspunktet med oppstuing av vann i flomsituasjoner på grunn av tilgroing i massene.”

Dette er ein ulogisk påstand som ikkje kan vere riktig. Det må jo vere slik at eit rør som ligg oppå elvebotnen med festestropper og betonglodd vil føre til meir fanging av rusk samt tilgroing og oppstuing av vatn enn når elvebotnen er plan og utan hindringer.

Salar Bruk AS har vanskelig for å forstå at ledningen vanskeliggjør fiskemuligheter langs Rylandselva. Ingen andre enn konsesjonshaver har nytte av dette røret. Elvebotnen skulle på denne staden vere plan utan noko særleg hinder. Det kan ikkje vere vanskeleg å forstå at eit rør som stikk 1 meter pluss høgden av betonglodd opp frå elvebotnen er eit hinder når ein fisker. Den som fisker må ta hensyn til dette fordi

det er fare for fastsetting av fiskeutstyr anten i rør, stropper eller betonglodd. Dessutan forringar det naturopplevelsen å sjå røret som ligg der.

Naturvernforbundet har engasjert seg i dette, og dei støttar vårt syn. Legg ved artikkel i lokalavisa 02.04.08.

Salar Bruk AS trekker i tvil om røret kan vere skjæmmende for nokon der det ligg. Det blir å snu det på hovudet. Det er Salar Bruk AS sjølv som har sagt at røret ikkje skulle vere synleg. Meland kommune sette det som eit vilkår at det ikkje måtte vera synleg Det same gjorde NVE. Ut frå dette var det ikkje i våre tanker at dette røret skulle ligga slik det ligg i dag.

Vi må jo lure på på kva grunnlag NVE har kunna godkjenna dette arbeidet som verken er gjort slik som konsesjonen seier eller arbeidstegningane viser.

Salar Bruk AS må påleggast å utføra arbeidet i tråd med gitte konsesjon og i hennhold til sine egne godkjente arbeidstegningar.

MVH
Midtre Holsnøy Grunneigarlag
v/Bjarte J. Skintveit
07.04.2008

Vedlegg.
Bilder (blir også sende elektronisk)
avisinnlegg (blir også sende elektronisk)
arbeidsteikningar (blir også sende elektronisk)
søknad om rammeløyve